

ÅRSMELDING



**SENIORKLUBBEN
SOGN DAL FOTBALL**



2016

Ein god sesong

Styret ønskjer å takke alle medlemmane for eit godt år. Vi vil også takke administrasjonen i klubben som har lagt til rette for vårt arbeid.

Det vart ein merkeleg avslutning på førre år, då vi måtte følgje Svein til grava. Han vil alltid vere ein av grunnspilarane til toppfotballen i Sogndal – og han var motoren i oppstarten og drifta av Seniorklubben.

Styret føler at vi har følgt opp hans tankar på ein bra måte. Ein flittig gjeng av medlemmane våre har bidrige for at vi har eit stolt fotballakademi for dei unge. Mange har bidrige på dugnader rundt ulike barne- og ungdomsarrangement. Vi har skapt møteplassar for seniorane i klubben.

Sesongen var god. Den første til Eirik i Tippeligaen, og saman med Terje, resten av teamet og spelarane gjorde dei ein god jobb. Plassen var i realiteten tidleg sikra, og vi ser no fram til ein ny sesong i Eliteserien.

Vi har starta opp med samlingar på fredagar før trening. For oss som har møtt har dette vore ein fin plass å bli betre kjent med spelarkvarden og kva som rører seg rundt laget. Eirik har også stoppa opp og brukt tid på oss. Det har vore særskjikt, samstundes som det har vore ein god sosial møteplass for oss medlemmane. Ein møteplass vi vil utvikle vidare.

Til slutt vil me minnast dei av våre medlemmar som gjekk bort i fjor. Saknet vil alltid vere der, men en beste måten for oss og heidre dei er å støtte opp om laget og samhaldet i Seniorklubben.

Lukke til med ein ny sesong.

På vegner av styret



Geir Navarsete

Leiar

Styret

Leder: Geir Navarsete

Medlemmar: Magdalon Sætre

Halvard Holm

Per Ingar Sviggum (nestor)

Atle Torvanger

Jarle Flo

Jan Arild Jakobsen

Yngve Hallén har vert sekretær for Seniorklubben.

Styret sitt arbeid

Styret har lagt ned ein innsats i ånda til Svein Bakke som lanserte ideen om Seniorklubben til Sogndal Fotball. Han var også den viktigaste drivkrafta i oppstarten og det første året. Diverse gjekk han bort så alt for tidleg – desember 2015.

Det er gjennomført 5 møter i 2016 og handsama 25 saker. I tillegg har styret stilt opp på kamparrangement og dugnader for klubben.

Styret laga ein handlingsplan for 2016 som er gjennomført. Av nye tiltak har vi starta med «fredagskaffien» og organisering med flaggborg på brua kampdag. Det var også hyggeleg at landslagssjef Per Mathias Høgmo besøkte oss på kick-off første heimekamp.

Medlemmar

Klubben har ved utgangen av året 153 betalande medlemmar. Kriteria for å vere medlem er at du har bidrige til fotballen i Sogndal og er villig til å bidra med ein ekstrainnsats for klubben. Medlemmane har difor bidrige med god dugnadsinnsats.

Nokre medlemmar har gått bort i løpet av året. Seniorklubben har vert representert i gravferda til den enkelte for å minnast dei.

Aktivitet

Kick-off:

Vi arrangerte eit kick off før første heimekamp. Her la styret fram planar, administrasjonen orienterte om klubbdrift og utbyggingsaktivitetar. I tillegg hadde vi hyggeleg besøk av Fotball Media AS med Pål Breen, som orienterte om den nye mediaavtalen og landslagssjef Per Mathias Høgmo som snakka om landslaget og korleis han oppfatta Sogndal Fotball.

Kamparrangementa:

Desse har vore ein suksess og svært godt besøkt. Opplegget har vore enkelt organisert i eige lokale med utsikt mot stadion, servering av vaflar og kaffi, litt historier, besøk av hovudtrenar (og av og til bortelaget sin trenar) og sjølvsagt med resultatkonkurranse på kampen. Vi har også hatt gjester på kampane (den største gruppa frå Fagernes, Lærdal og alders- og sjukeheimen i Sogndal.



Kamparrangement leda av Per Ingar.

Besøk:

- Haugesund 42
- Odd 47
- RBK 35
- Tromsø 50
- Start 46
- Lillestrøm 45
- Molde 29
- Bodø/Glimt 38
- Viking 49
- Stabæk 54
- Sarpsborg 43
- Brann 43
- Godset 34
- Aalesund 34

I tillegg har gjesten utgjort om lag 5 i snitt per kamp. 102 av medlemmane våre har vore innom kamparrangementa.

Tippekonkurranse:

Per Ingar's tippekonkurranse vart også gjennomført i år med god deltaking. Gjennomgang av resultata vart gjort på «fleskasausen» etter siste kamp på hausten. Ingen hadde full pott i år.

Dugnader:

Medlemmane har vore flinke til å stille opp på dugnader. Her ei liste over aktivitetane:

Lerum Cup

- vertskap på banene (23 deltok)

Bama Cup

- vertsskap og p-vakter (15 deltok)

Heimekampar (styret)

Grenda-cup

- Organisering/vertsskap



Ordførar Jarle (t.h) i oppdrag for Seniorklubben på Lerum Cup. Ordførar Ivar (Luster) og lensmann Arne var også i oppdrag under cupen.



Dugnader er tiltaket som Seniorklubben bidreg med for å støtte klubben og for å få organisert kamplosje, turar mm.

Ove (t.v.) og Jon ladar opp med morgonkaffi før Eat – Move – Sleep cupen. Ove i fint driv som trafikkvakt (innfelt).

Den største dugnadsinnsatsen bidreg dei som er organisatorar og leksehjelp under akademiet. Dei bidreg med 1-2 økter kvar dei vekene akademiet pågår. Her har 8 seniorar bidrege.



Inge Jarle (t.v.) og Kjell er faste «seniorar» på akademiet.



Asbjørn hjelper akademigut med høgtlesing.

Bortetur til Bergen:

Årets bortetur gjekk også dette året til Bergen, Brann Stadion og kampen mot Brann. Det vart ikkje ei like stor oppleving som i 2015, men opplegget vart godt ivareteke av klubben og arrangementsavdelinga.

Styret prøvde å få til ein tur til, men her var det for få påmeldte til at vi gjennomførte.



Siste seriekamp var avslutta med fleskasaus på Lægreid



Sosialt treff på Lægreid for akademi-seniorane.

Fredagskaffi:



Styret bestemte seg for å leggje til rette for at medlemmane skulle få kome på trening. Valet vart fredagar, og på hausten møtte 4-7 personar rundt klokka 10 kvar fredag for ein prat, litt kaffi og besøk på treninga til a-laget. Fleire frå klubben var med på enkelte fredagar og orienterte. Eirik var også flinkt til å vere innom med litt info. Eit tiltak vi ønskjer å marknadsføre og halde fram med sesongen 2017.

Andre tiltak:

Seniorklubben har hatt eigen genser og sal av enkelt supporterutstyr på kampane. Vi har også bidrige til å profilere bygda med flagg på kampdagar. Slik tiltak og andre mindre bidrag til klubben ønskjer vi å halde fram med å utvikle dei komande sesongane.

Styret si vurdering

Styret er nøgd med aktivitetane i Seniorklubben og den tilrettelegginga som klubben gjer for oss. Vi vil utvikle nokre av tiltaka i sesongen som kjem.

Vi vil også ta del i ein større vårdugnad, som også kan bli ein fin møteplass for alle.

Økonomi

Klubben har ikkje nokon eigen økonomi. Inntektene frå kampdag går inn til kamparrangementet (som anna sal på kampdag). Medlemsinntektene, om lag kroner 15 tusen, vert brukt til:

- Subsidiering bortetur.
- Subsidiering supportersal kampdagar.
- Fleskasaus på Lægreid.
- Mindre kostnader med utsending og diverse.

Fosshaugane 25. januar 2017

Geir Navarsete *Magdalou Sætre*
Geir Navarsete Magdalou Sætre

Leiar
Leiar

Atle Torvanger
Medlem

Halvard Holm
Halvard Holm
Medlem

P. Ingar Sviggum *Jarle Flo*
P. Ingar Sviggum Jarle Flo
Nestor og medlem Medlem

Jan Arild Jakobsen
Jan Arild Jakobsen
Medlem

Yngve Hallén
Yngve Hallén
Sekretær